

---

Vår referanse 2020/41968-2  
Dato 08.04.2020

---

Solveig Paulsen

## Innspel til høyring av forslag til endringar i motorferdslelova og forskrift for bruk av motorkøyretøy i utmark og på islagte vassdrag

Fylkesutvalet i Vestland Fylkeskommune gjorde følgjande vedtak i møte 26. mars 2020.

### Vedtak

1. Fylkesutvalet stør ikkje opp om forslag til endringane i motorferdselslova § 4 a, då ei utviding av prøveordninga med catskiing vil kunne auke omfanget av motorisert ferdsle i utmark. Dette kan vere skadeleg for sårbare artar. Fylkeskommunen er uroa over sum-effektane av auka motorisert ferdsle i utmarka, og viser til Naturmangfaldlova (NML) §9 føre-var-prinsipp og § 10 om samla belastning.
2. Fylkesutvalet stør endringane i motorferdslelova § 6 om motorisert ferdsle i utmark.
3. Fylkesutvalet stiller seg positive til endring i forskrifta § 2 a annet ledd om regulering av bruk av elsykkel i utmark. Endringa vil gje den enkelte kommune større handlingsrom og moglegheit til å tilpasse ferdsle med elsykkel til lokale høve, og kvar i kommunen sine ulike utmarksområde.

Sjå sak under for utfyllande innspel.

Med helsing

Bjørn Snorre Waage  
spesialrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet	56/20	26.03.2020

## Innspel til forslag om endringar i motorferdslelova, og forskrift for bruk av motorkøyretøy i utmark og på islagte vassdrag

### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet stør ikkje opp om forslag til endringane i motorferdslelova § 4 a, då ei utviding av prøveordninga med catskiing vil kunne auke omfanget av motorisert ferdsle i utmark. Dette kan vere skadeleg for sårbare artar. Fylkeskommunen er uroa over sum-effektane av auka motorisert ferdsle i utmarka, og viser til Naturmangfaldlova (NML) §9 føre-var-prinsipp og § 10 om samla belastning.
2. Fylkesutvalet meiner omsynet til naturmangfald og trua artar bør vektast høgare enn ønsket om motorferdsle for fiske og fritidsbruk. Dyreliv knytt til små vatn er ekstra sårbare for forstyringar, og ein bør difor ikkje gjere dei føreslegne endringane i motorferdslelova §6. Fylkeskommunen er uroa over sum-effektane av auka motorisert ferdsle i utmarka, og viser til Naturmangfaldlova (NML) §9 føre-var-prinsipp og § 10 om samla belastning.
3. Fylkesutvalet stiller seg positive til endring i forskrifta § 2 a annet ledd om regulering av bruk av elsykkel i utmark. Endringa vil gje den enkelte kommune større handlingsrom og moglegheit til å tilpasse ferdsle med elsykkel til lokale høve, og kvar i kommunen sine ulike utmarksområde.

### Saksprotokoll i 26.03.2020 - fylkesutvalet

#### Terje Søviknes (Frp) sette fram slikt forslag:

“Alternativ:

1. Fylkesutvalet stør endringar om utviding av prøveordninga med catskiing i motorferdslelova § 4 a.
2. Fylkesutvalet stør endringane i motorferdslelova § 6 om motorisert ferdsle i utmark.
3. Fylkesutvalet stør ikkje endringa i forskrifta § 2 a annet ledd om regulering av elsykkel i utmark.”

#### Noralv Distad (H) sette fram slikt forslag:

“Alternativ:

Vestland fylkeskommune har ikkje særlege merknader til framlegg om endringar i motorferdsellova, og forskrift for bruk av motorkøyretøy i utmark og på islagde vatn.”

### Avrøysting

Søviknes sitt forslag punkt 1 fekk 2 røyster (Frp) og fall.

Søviknes sitt forslag punkt 2 fekk 12 røyster (Sp, H, A, Frp, KrF) og vart vedteke.

Søviknes sitt forslag punkt 3 fekk 2 røyster (Frp) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 og 3 fekk 12 røyster og vart vedteke mot 5 røyster (H, Frp) for Bjørkly sitt forslag.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2 fekk 5 røyster (FNB, V, SV, MDG) og fall.

### Vedtak

4. Fylkesutvalet stør ikkje opp om forslag til endringane i motorferdselslova § 4 a, då ei utviding av prøveordninga med catskiing vil kunne auke omfanget av motorisert ferdsle i utmark. Dette kan vere skadeleg for sårbare artar. Fylkeskommunen er uroa over sum-effektane av auka motorisert ferdsle i utmarka, og viser til Naturmangfaldlova (NML) §9 føre-var-prinsipp og § 10 om samla belastning.
5. Fylkesutvalet stør endringane i motorferdslelova § 6 om motorisert ferdsle i utmark.
6. Fylkesutvalet stiller seg positive til endring i forskrifta § 2 a annet ledd om regulering av bruk av elsykkel i utmark. Endringa vil gje den enkelte kommune større handlingsrom og moglegheit til å tilpasse ferdsle med elsykkel til lokale høve, og kvar i kommunen sine ulike utmarksområde.

### Samandrag

Beslaglegging av utmarksareal, som til dømes gjennom tilrettelegging for auka motorferdsle, bør vurderast nøye dersom ein skal oppretthalda ein god miljøtilstand i framtida. Sum-effektane av auka tilrettelegging for bruk av natur- og utmarksområde gjennom liberalisering av motorferdsle vil kunne påverke naturmangfaldet negativt. Ei liberalisering av motorisert ferdsel i utmark vil vere enno ein utfordring for hardt pressa artar i dei områda som vert råka. Fylkesrådmannen er difor skeptisk til endringane i motorferdselslova som i følge høyringsnotatet truleg vil «føre til auka motorferdsle i utmark».

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Paal Fosdal  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

### Vedlegg

- 1 Høyringsnotat Forslag til endringer i motorferdselloven og forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag

### Saksutgreiing

#### Bakgrunn for saka

Klima- og miljødepartementet har sendt på høyring Forslag til endringar i motorferdslelova, og forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag.

Det vert foreslått endringar i motorferdslelova som truleg vil gje auka motorferdsle i utmarka. Dette er forslag om at ein kan nytte elektrisk motor på mindre innsjøar (under 2 kvadratkilometer), og om at alle typar beltegåande motorkjøretøy kan nyttast i samband med skikjøring. Dette opnar for det som vert kalla «catskiing» (persontransport med beltekjøretøy på vinterføre til utgangspunkt for alpin skikjøring) med snøscooter og ATV.

#### Utviding av prøveordninga for catskiing etter motorferdslelova § 4 a

Gjennom ein endring av motorferdslelova § 4 a tredje ledd, blei det i 2017 opna for eit prøveprosjekt der departementet kan gje inntil seks kommunar "myndighet til i forskrift å fastsette løyper for persontransport med beltekjøretøy på vinterføre til utgangspunkter for alpin skikjøring (catskiing)". Det vert foreslått endringar som opnar for at *alle typar beltegåande motorkjøretøy* kan nyttast i samband med catskiing, som då vil inkludere snøscooter og ATV. Desse lettare beltekjøretøya har ikkje tidlegare vore inkludert i

prøveordninga. Departementet skriv i høyringsnotatet at denne utvidinga av prøveordninga truleg vil gje auka motorferdsle i utmarka.

Beslaglegging av utmarksareal, som til dømes tilrettelegging av auka motorferdsle gjennom nye løyper for catskiing, er forhold som bør vurderast nøye dersom ein skal oppretthalda ein god miljøtilstand i framtida. Bit-for-bit utbygging og manglande heilskapleg prioritering av arealbruk er uheldig. Sum-effektane av auka tilgjengeleggjering og tilrettelegging for bruk av natur- og utmarksområde gjennom liberalisering av motorferdsle vil kunne påverke naturmangfaldet negativt.

Det er mellom anna godt dokumentert at villreinen allereie er sterkt pressa og har nedsett kondisjon grunna menneskelege inngrep og aktivitet i deira leveområde. Dette er grunna diverse inngrep over tid, som kraftutbyggingar, veg- og baneutbygging, hyttebygging og næringsverksemd. Men det vert og stadig tydelegare at den menneskelege ferdsele i villreinen sitt leveområde påverkar villreinen betydeleg, og summen av diverse aktivitet fragmenterer ytterlegare reinen sitt leveområde. Ei liberalisering av motorisert ferdsel i utmark vil kunne vere enno ein utfordring for hardt pressa artar i dei områda som vert råka. Fylkesrådmannen er difor kritisk til endringar i motorferdselslova som i følgje høyringsnotatet vil «føre til auka motorferdsle i utmark».

Ei utviding av prøveordninga med catskiing, slik at snøscooter og ATV med belte og kan nyttast, vil kunne auke omfanget på denne aktiviteten, og kommunane vil kunne utvide (tilpasse) løypenettet for ein ny type bruk, for køyretøy med lengre rekkevidde. Å ta med snøscooter og ATV med belte i catskiing-ordninga kan til dømes gje næringsaktørar meir fleksibilitet, ettersom fleire køyretøy kan nyttast, og kan ha positiv verknad for næringsaktørar. Det vil og kunne auka talet på potensielle næringsaktørar. Det er og eit betydeleg tal privatpersonar som eig snøscooter og ATV med belte som ville kunne nytte seg av endringa i prøveordninga. Departementet skriv vidare at endringane truleg vil resultere i auka motorferdsle i utmarka. Summen av auka motorferdsle vil kunne påføre ytterlegare skade på allereie sårbare artar. Høgsesong for catskiing og snøskuter vil gjerne ha samanfall med klimatisk utfordrande årstider for dyre- og fuglelivet, samt spel- og hekking hos fleire fuglearter og kalvingstida for villreinen.

Departementet sitt alternative forslag, der berre ATV med belter og ikkje snøskuter er med, vil bety færre negative konsekvensar for naturmangfaldet enn primærforslaget.

Fylkesrådmannen stør difor ikkje opp om forslag til endringane i motorferdselslova § 4 a. Sekundært vil vi hevde at det alternative forslaget er å føretrekke, sjølv om dette i prinsippet over tid heller kan føre til ei endring frå snøscooter- til ATV-bruk i både kommersiell og private høve. All ferdsle med beltegåande køyretøy bør vere regulert gjennom kommunale sti- og løypeplanar.

Vestland fylkeskommune er saman med andre aktuelle fylkeskommunar ansvarlege for dei regionale planane for dei nasjonale villreinområda. For Vestland fylkeskommune er dette Regional plan for Nordfjella, Regional plan for Hardangervidda og Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei. Vi har gjennom desse planane eit særleg ansvar for å bidra til ein bruk av våre utmarksområde som viser omsyn til sårbare økosystem og naturmangfald.

Fylkeskommunen fryktar sum-effektane av auka motorisert ferdsle i utmarka, og viser til Naturmangfaldlova (NML) §9 føre-var-prinsippet og § 10 om samla belastning.

#### Adgang til å tillate båtar med elmotor på mindre vann i motorferdslelova §6

Forslaget kan gjere det enklare å komme seg på fisketur eller båttur på mindre vann for folk som av ulike årsaker ikkje er i stand til å ro sjølve. Forslaget kan og føre til auka fritidsfiske frå båt. Dette er isolert sett potensielle positive sider ved lovendringsforslaget.

Ei opning for båtar med elmotor på vatn under 2 kvadratkilometer, med bakgrunn i at dei korkje støyar eller forureinar, er eit avvik frå motorferdslelova sitt teknologinøytrale utgangspunkt. Dette kan på sikt føre til eit auka press for å opne for andre elektriske innretningar som korkje støyar eller forureinar, men som likevel kan ha negative konsekvensar for naturmangfald og friluftsliv.

Endringa kan derfor bidra til at det på sikt blir vanskelegare å skilje kva som er motorferdsel eller ikkje, som igjen vil utfordre naturmangfaldet.

Å gjere motorisert ferdsle mogleg på små vatn vil først og fremst ha negativ effekt på hekkande og næringsøkjande fuglar. Forstyrningar i form av nærgåande trafikk/ferdsel vil kunne auke stressnivået til rugande fugl. Sjølv om dette isolert sett ikkje treng å utgjere nokon direkte trussel, vil slik påverknad i sum kunne medføre redusert kondisjon og reproduksjon. Når egga vert klekt vil det også vere ein sårbar fase då ungene framleis vil vere avhengige av foreldra sjølv etter dei har forlatt reiret. Med bakgrunn i at det er nokre periodar der fuglane er meir sårbare enn andre, meiner fylkesrådmannen at dersom ein skal opne for

elektrifisert motorferdsle på små vatn, bør det vere klare begrensingar i tidsromma der det er mogleg å utøve dette. Til dømes kan eit gitt fleirårig løyve ikkje vere gjeldande under hekking, ruging og tidleg fase etter klekking.

Ei liberalisering som foreslått vil ha en negativ påverknad på allereie raudlista og sårbare fuglegrupper tilknytt våtmark og ferskvatn, der det allereie er eit betydeleg press. Fylkesrådmannen meiner omsynet til naturmangfald og trua artar bør vektast høgare enn ønsket om motorferdsle for fiske og fritidsbruk. Dyreliv knytt til små vatn er ekstra sårbare for forstyrningar, og ein bør difor ikkje gjere dei føreslegne endringane i motorferdslelova §6.

Kommunen si moglegheit til å regulere bruk av elsykkel i utmark i forskrifta § 2a annet ledd

Departementet foreslår å endre forskrift for bruk av motorkøyretøy i utmark og på islagte vassdrag § 2a annet ledd til å lyde: "Kommunen kan i forskrift begrense eller forby bruk av elektriske sykklar i hele eller deler av utmarka"

Slik fylkesrådmannen ser det vil det vere positivt for kommunen å kunne handtere og eventuelt motverke negative konsekvensar av motorisert ferdslе i form av el-sykkel i utmarksterreng. Aktiv bruk av el-motorisert sykkel i utmark gir folk høve til å kome lenger inn i utmarka på sykkel, og kan føre til konflikt med andre friluftsinteresser og auka slitasje på stiar. I tillegg er det føremålstenleg i høve viltinteresser at kommunen har moglegheit til å regulere bruken av el-sykkel. Bruk av el-sykkel i utmark bør vere avgrensa til skogsbilvegar eller opparbeidde stiar for mellom anna sykkel. Dette bør definerast og kartfestast som del av dei kommunale sti- og løypeplanane.

#### Vedtakskompetanse

Pkt 2.1.7 Andre oppgåver under reglement for fylkesutvalet; Fylkesutvalet tek avgjerd i saker som ikkje ved lov, forskrift eller delegeringsvedtak er lagt til anna organ.

#### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Departementet legg til grunn at forslaga ikkje får særlege økonomiske eller administrative konsekvensar for det offentlege.

**Klima:** Ikkje relevant.

**Folkehelse:** Forslaga til endringar kan medføre auka bruk av natur og utmark, som kan verke folkehelsefremjande. Samstundes vert det med desse endringane lagt opp til at ein skal kunne auke bruken av motorisert ferdslе i utmark, som å bli transportert til utgangspunkt for alpin skikøyring i staden for å gå dit av «eigen maskin». Det kan argumenterast at dette ikkje fremjar folkehelse, samstundes som det kan forringe natur- og friluftsopplevingar for dei som ikkje nyttar motorisert ferdslе i naturen.

**Regional planstrategi: Utviklingsplanen** er under utarbeiding, men det førebelse mål 1 er slik; Klima og miljø som premiss for samfunnsutviklinga. Her er ein tilhøyrande strategi at Vestland skal forvalte og sikre viktige natur-, landskaps og kulturverdiar. Å redusere ytterlegare press og stress for sårbare artar i utmark og natur er, slik fylkesrådmannen vurderer det, ein del av dette ansvaret.

#### Konklusjon

Beslaglegging av utmarksareal, som til dømes gjennom tilrettelegging for auka motorferdsle, er forhold som bør vurderast nøye dersom ein skal oppretthalda ein god miljøtilstand i framtida. Sum-effektane av tilrettelegging for bruk av natur- og utmarksområde gjennom liberalisering av motorferdsle vil kunne påverke naturmangfaldet negativt. Fylkesrådmannen er difor kritisk til endringar i motorferdslelova som i følgje høyringsnotatet truleg vil «føre til auka motorferdsle i utmark».

Fylkeskommunen har gjennom regionale planar for dei nasjonale villreinområda eit særleg ansvar for å bidra til ein bruk av våre utmarksområde som viser omsyn til sårbare økosystem og naturmangfald. Fylkesrådmannen fryktar sum-effektane av auka motorisert ferdslе i utmarka, og viser til Naturmangfaldlova (NML) §9 føre-var-prinsipp og § 10 om samla belastning.